

KYRKJEKONTAKTEN

NR.1 — 2024 · 50. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM

Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

HÅP I EIN DRÅPE VATN

Les side 8-9

v:pps til **2426**



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

– Vi treng fleire frivillige

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

Audun Yrke er forholdsvis ny som frivillig i Knarvik kyrkje. Han deltek på kyrkjemiddagen og spelar i bandet på kveldsgudstenestene.

– Eg trivst veldig godt her i Knarvik kyrkje, og eg håpar også andre vil sjå verdien av det å vere frivillig, for vi har absolutt bruk for fleire, seier 30-åringen, opprinneleg frå Heimdal i Trondheim.

For knappe to år sidan flytta trønderen Audun og kona Marie saman med deira to born til ny bustad i Alverparken. Med seg i bagasjen hadde Audun ein gitar og ein cello.

– Det var mykje tvangsbasert speling i barndommen. Seinare var eg med i lovsongband på vidaregåande, der eg fekk brukt begge instrumenta, fortel Audun.

Dei siste åra har både celloen og gitaren fått seg lange pausar, men etter flyttinga til Isdalstø er instrumenta i flittig bruk, som på kveldsgudstenestene.

– Desse kveldsgudstenestene, som er siste søndagen i månaden, er verkeleg positive, med litt yngre folk til stades og ei litt rolegare stemning enn på vanlege gudstenester når folk gjerne har planar for resten av dagen og derfor hastar vidare.

Biskopen var på middag

Det var Audun som fekk i gang kyrkjemiddagen, som også finn stad ein gong i månaden. Her kan frivillige melde seg på for å ordne i stand eller vere igjen etterpå og hjelpe til med ryddinga.

– I starten fekk vi god hjelp frå staben her i kyrkja, seinare fekk vi med frivillige, men vi treng endå fleire hjelparar. På middagane kjem det rundt 40 personer, stundom er her fire generasjonar samla. Nyleg var biskop Ragnhild Jepsen med oss, då var vi ca. 80 samla til middag.

Kyrkjemiddagen er vanlegvis første torsdag i månaden.



Audun Yrke spelar både gitar og cello. Han er frivillig i kyrkjebandet og tilretteleggjar av kyrkjemiddagen.

– Kva betyr det for deg å vere frivillig?

– Det er veldig givande å få vere med å stelle i stand for andre, enten det er på kjøkkenet eller med gitarspel og song. Og så er det er flott å få så mange positive tilbakemeldingar. Å sjå at andre har det kjekt og kosar seg, er ei flott kjensle, seier Audun, som er utdanna sivilingeniør i marin teknikk.

Også kona Marie er frivillig i Knarvik kyrkje. Ho er bidragsytar på søndagsskulen.

Mange jern i elden

Blant dei mange frivillige i Knarvik sokn finn vi også Anna Leivestad (75), som har hjelpt til under gudstenester i Seim kyrkje i ei årrekke, mellom anna som tekstlesar. I tillegg køyrer ho og mannen Kåre rundt med Kyrkjekontakten når bladet er komen frå trykkeriet.

I mange år har ho også sytt for å dele ut ei blomehelsing til alle som er eldre enn 80 år.

– Før delte vi ut roser til alle over 80 år, no er det dei som fyller 80, 85, 90, osv. som får ei slik helsing, fortel Anna.



Og ikkje nok med det: Anna jobbar også med psykisk utviklingshemma på Kyrkjeklubben ein gong i månaden i Knarvik kyrkje.

På toppen av dette er ho frivillig på NMS Gjenbruk i Knarvik, der ho er vekesansvarleg.

– Kvifor har du halde på med dette så lenge?

– Eg synest det gjer godt å kunne bidra, å dra lasset saman med andre frivillige. Kyrkja har ei viktig rolle i lokalsamfunnet.

Stort behov for frivillige

Leiar i Knarvik sokneråd, Hildur Løkken Lillestøl, understrekar at behovet for nye frivillige er stort.

– Vi kan tilby mange fellesskap og aktivitetar. Det hadde vore kjekt om dei som ønskjer å bidra – med smått eller stort – kan finne sin plass og bli ein del av alle tilboda våre.

– Kor er behovet størst?

– Knarvik sokn har satsa på born og unge dei siste fire åra. Her trengst det vaksne i alle aldrar som kan vere med og legge til rette for samlingar og aktivitetar. Det samme gjeld innan trusopplæring, på gudstenester og fleire andre felt. Alle er velkomne til å bli frivillig hjelper, fortel Lillestøl.

Slik blir du frivillig

Er du interessert i å bidra, kontakt kyrkjekontoret på e-post: post.knarvik@kyrkja.no, eller ta direktekontakt med kateket Nina Jenny Monstad (tlf. 40043749) eller dagleg leiar Synnøve Bjørndal (40916407).



Anna Leivestad er veteran som frivillig i Seim kyrkje. – Det gir meg mykje å bidra for andre, seier ho.



Korarbeidet i Knarvik kyrkje er fint døme på arbeid der det trengst frivillige hjelperar. (Foto: Bjørn Furukawa.)

Kyrkjefeiring heile året

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Privat

Det skal feirast på mange måtar gjennom heile året at kyrkja i Knarvik i år har 10-årsjubileum. Startskotet smell i mars, og seinare går det slag i slag fram til den store jubileumshelga i november.

– Tenk at det i år er ti år sidan kyrkja vart vigsla og tatt i bruk. Målsetjinga er å få til ei feiring som synleggjer at me har ei kyrkje som bryr seg om heile mennesket, seier Åge Clausen og Helge Tangen i jubileumskomiteen. Dei to var også svært sentrale i planlegging og bygging av kyrkja.

Sjølv om ikkje alle brikkene er på plass, kan dei lova mykje spennande og flott utover året. – Det er mykje å gleda seg til og sjå fram til.

Ei kyrkje for heile mennesket

Overskrifta på jubileumsfeiringa er nettopp «ei kyrkje for heile mennesket», og dette pregar også logoen som er laga.

I mars det klart for ei oppstarts-markering for alle medarbeidarar og frivillige i heile Knarvik sokn. Kvar enkelt vert oppfordra til å ta med seg nokon som kan tenkja seg å gjera ein frivillig innsats framover i ein eller annan samanheng i kyrkja vår.

– Me ønskjer å få med oss alle som var engasjert i dei ulike prosessane knytt til realiseringa av nyekyrkja, i tillegg til alle dei som på ein eller annan måte har vore med i arbeidet i kyrkja seinare, seier Clausen og Tangen.

Bli med til Alværa

Kyrkjelyden held fram feiringa med tur til leirstaden Alværa (ikkje langt frå Lavik) helga 27.-28. april.

– Me håpar at mange melder seg på og blir med på turen, seier jubileumskomiteen.

I mai inviterer kyrkja til bursdagsfest for alle 10-åringane i Knarvik.

Internasjonal festivas

Kulturkaféen i Knarvik kyrkje samlar også i år flyktningar og strilar til jamlege samver med god mat og prat. I juni kan det også bli rigga til internasjonal festivas, kanskje «catwalk» med presentasjon av ulike nasjonar sine bunadar og musikk. Og med grilling og leik ute. Men her er detaljane ikkje på plass enno.

Bursdagshelg

Planane for hausten og sjølve jubileumshelga er ikkje heilt



FOR HEILE MENNESKET: – Me ønskjer å skapa ei jubileumsmarkering som synleggjer at me har ei kyrkje som bryr seg om heile mennesket, seier Helge Tangen og Åge Clausen i jubileumskomiteen.

på plass enno, men det vert jubileumsgudsteneste søndag 1. desember, altså 1. søndag i advent som er Knarvik-kyrkja sin bursdag.

I år er det 1000 år sidan Olav den heilage fekk innført Kristenretten her i landet. Og 250 år seinare kom Magnus Håkonsson Lagabøte med si Landslov.

– Sett opp mot desse to jubilea er vårt tiårsjubileum lite. Men for oss er det viktig. Kyrkja har eit mål om å engasjera seg positivt i lokalmiljøet, og spela på lag med lag og organisasjonar. Me vil ha ei kyrkje med open dør og ein låg terskel. Det vil koma til uttrykk under kyrkjejubileet, seier Åge Clausen og Helge Tangen.



Frå kyrkjebenken

Tekst og bilete: Marianne Dørum Gangås

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden*

– Jeg har bare vært med litt, fordi vi flyttet til Vestlandet for vel 5 år siden. Jeg kommer opprinnelig fra Oppdal, men har bodd aller lengst i Orkdal, sørvest for Trondheim. Vi kom flyttende hit til bygda fordi våre tre barn har bosatt seg her i Bergensområdet, og det var det som bidro til at vi flytta etter. Vi trives godt her i vest, og været klager vi ikke på! Det regner andre steder også!

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?*

– Det er lett å bli kjent med andre. Jeg er med i koret TeDeum og det er en flott inngangsport til det kirkelige liv i Osterfjorden. I TeDeum er det en fin gjeng med forskjellig bakgrunn, men med felles glede i sangen og musikken. Vi har konserter og deltar ofte i gudstjenestene på Ostereidet. Det er et varmt og godt felleskap.

– *Korleis vil du skildre kyrkja?*

– Kirkebygget er nytt og fint, lyst og innbydende. Har fått forståelse for at det er greit å samarbeide med organisasjoner rundt oss og det er bra! Slik er jeg oppvokst med og vant med, og vi har et felles mål: å fortelle andre om Jesus! Det viktigste er at han er hovedpersonen. Og da er det greit at vi ikke gir ytterligheter mer oppmerksomhet enn samhold og felleskap.

– *Kva salme syng du gjerne for tida?*

– «Jeg er i Herrens hender», tekst: Erling Tobiassen, musikk: Sigurd Lunde. Dette er en salme om livet, trøst, hjelp og håp.

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

– En god kirkekaffe må ha en god prat eller samtale. Og det er en fin mulighet til å bli kjent med nye mennesker.



FAKTA:

Namn: Marianne Dørum Gangås

Alder: 67 år

Bustad: Leknes, midt i mellom Knarvik og Ostereidet

Yrke: Pensjonist

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

 **NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ** Ditt lokale
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR
deg


DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund Havnevegen 31 Frekhaug Elvavegen 1 Dalekvam

VATNE
begravelsesbyrå 

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no



2024 – eit stort jubileumsår for vår kyrkje

«Feira fortid – forma framtid»

Tekst: Øystein Skauge · Foto: Vestland Media. Peter Tubaas

Bildet av dei fire søstrene er måla av kunstnar Anne Hesvik. (Foto: Bjørgvin bispedøme)

Året vi no har starta på vert eit viktig jubileumsår for å markere kyrkja sin plass i, og sin påverknad av, det norske samfunnet. Det har gått 1000 år sidan Kristenretten vart vedteken på tinget på Moster i Sunnhordland.

Samstundes er det 750 år sidan landet vårt fekk kong Magnus Lagabøte si landslov. Dette er to hendingar som i stor grad har forma Norge til den nasjonen vi er i dag. Begge delar skal feirast i nasjonale jubileum gjennom det som vert omtala som Verdiåret 2024.

I våre kyrkjeblad her i Alver vil vi fram gjennom året kome tilbake til ulike sider ved jubilea.

Mykje av det vi kjem til å skrive, vil vere henta direkte frå heimesidene for MOSTER 2024 <https://moster2024.no/> og for Landslovjubileet 1274 – 2024 <https://www.nb.no/landslovjubileet2024>

Verdiåret 2024 er ein del av ein "jubileumsstafett" frå 2021 til 2031. Eit anna høgdepunkt i denne stafetten vert året 2030. Då vil det bli markert at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad, og vi feirar at Norge har vore eit rike i tusen år.

Kristenretten 1024

Under mottoet "Feira fortid - forma framtid" vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Hovudmarkeringa skal finne stad på Moster 29. mai - 2. juni 2024.

Professor i retts historie, Jørn Øyrehagen Sunde, peikar på at kristenretten på Moster markerer ein overgang frå eit tidlegare maktsamfunn til eit rettssamfunn. Træljar skulle bli kjøpte fri, og folk fekk rett til å kvile på søndagar og heilagdagdar. Born kunne ikkje lenger bli sette ut for å dø, og fleirkoneri vart forbode. Kvinner fekk også etter kvart rett til samtykke i ekteskap.

Menneskeverdet sto i sentrum i tråd med det religiøse fundamentet som kristendommen førte med seg. Det byrja ein prosess. Meir fridom, meir rettsvern. Då dette først blei innført, hadde det ikkje nok effekt. Men det vart sådd eit frø. Det utvikla seg sakte, seier professoren.

Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla kong Magnus VI for første gong heile landet under ei lov. Magnus fekk tilnamnet Lagabøte, «den som reparerer lovene». Sentralt i bakgrunnen for lovgjevinga til kong Magnus, var "dei fire guddomelege søstrene" (miskunn, sanning, rettferd, fred) som vi finn i omtala i Salme 85,11: "Miskunn og sanning skal møte kvarandre. Rettferd og fred skal kysse kvarandre".

Denne Landslova bygger tydeleg og klårt på Kristenretten frå Moster 250 år tidlegare.

Historisk forankring og samtidig relevans

På Kyrkjemøtet i Trondheim i august i fjor tala vår biskop, Ragnhild Jebsen, til møtet, og hennar hovudpoeng siterer vi her:

«Kristenretten, vedteken på Moster, innebar

reglar om kristen livsførsel, om fredeleg konfliktløsning, om samfunnsstyring, og om organisering av kyrkja.

Det var kongens biskop, biskop Grinckjell, som utforma kristenretten, men det var kong Olav Haraldson som sikra at den vart vedteke. Resultatet vart ei varig endring av normgrunnlaget for den framveksande norske staten.

Med kristenretten kom ideen om at det finst noko som er rett, uavhengig av makttilhøva i samfunnet.



Mosterkrossen, Vetahaugen.



Det gjorde at svake grupper i samfunnet som i utgangspunktet ikkje hadde makt til å påverke lovene, kunne få rettar og vern likevel.

Dette er ein tankegang som vi i dag finn som grunnlaget for Dei europeiske menneskerettane.

Eit jubileum for å markere innføringa av kristenretten må både ha ei historisk forankring og ein samtidig relevans.

Den norske kyrkja må også finne sin veg inn i jubileet, og stake ut ei retning for kva ein vil vektlegge og fremme av tankegods og verdiar i samband med markeringane.

Aktualiteten i kristenretten syner seg mellom anna i vissa om at kvart menneske er skapt i Guds bilete. Ut frå denne tanken vaks det fram ei plikt til å syne omsorg for den svakaste mellom oss, men óg ein ide om individet, dets rettar og verd.»

Fylkesordførar Jon Askeland på gudsteneste i Knarvik: – Linje frå 1200- talet til i dag

Tekst og foto: Øystein Skauge

Kveldsgudstenesta i Knarvik kyrkje den 28.januar sette også fokus på jubileumsåret 2024.

Prost Helge Taranrød leia gudstenesta, men sjølve preika denne kvelden, var ein samtale mellom prosten og fylkesordførar Jon Askeland. Dei fleste er kjende med at Askeland bur på Radøy, og slik høyrer heime i ein av kyrkjelydane her i Nordhordland.

Fylkesordføraren er også leiar av jubileumskomiteen for landslovjubileet i Vestland fylke.

Jon Askeland peika i denne samtalepreika på viktige historiske røter som framleis ber frukter inn i vår moderne samtid. Ved Magnus Lagabøtes landslov, som altså kom for 750 år sidan, var fundamentet denne bibelske teksten om dei fire guddomlege søstre som vi høyrer om i Salme 85, 11:

”Miskunn og sanning skal møte kvarandre. Rettsferd og fred skal kysse kvarandre”.

- Framleis må det vere slik, seier fylkesordføraren, - at når nokon skal førast fram for ein domsstol, så skal desse fire verdiane konsulterast før dom vert sagt: Dommen må tuftast på sanninga. Den skal bere i seg miskunn. Dommen skal byggjast på rettsferd, altså ikkje vere unødig streng.

Og ein dom må føre med seg fred. Ein for hard dom kan lett slå kontra og medføre ufred.

Askeland meinte at det går ei linje frå denne loven som kom på 1200-talet, fram til i dag.

- I dag møter samfunnet vårt for eksempel papirlause flyktingar eller asylsøkjjarar. I møte med desse er det eit viktig spørsmål om vi som rettsstat kan møte dei slik at dei får oppfylt sine grunnleggjande menneskerettar, målt etter nettopp desse prinsippa: Miskunn – sanning - rettsferd og fred.





Rachelle (t.v.) og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn. (Foto, denne og neste side: Kirkens Nødhjelp)

Hjarte for vatn for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

I Libanon manglar mange vatn, ein av dei var 15 år gamle Rachelle El Debs.

– Eg elsker familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på grensa til Syria. Berre fjella skil. Her kunne dei sjå kampene gå føre seg mellom IS og libanesiske styrkar.

– Sjå kor vakkert det er. Det er den vakraste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea. Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smiler Rachelle El Debs og ser utover Bekaadalen.

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen.

– Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.

I 2019 kollapsa økonomien i landet, folk mista alle sparepengane sine og det offentlege tenestetilbodet krasjlanda. Ein lærar gjekk frå å tene rundt 25.000 kroner i månaden til tusen kroner i månaden. I 2020 var hovudstaden Beirut råka av ein massiv eksplosjon som

mellom anna øydela landet sitt viktigaste kornlager. Så kom covid og no ligg heile landet med brekt rygg. Arbeidsløysa er skyhøg, helsetilbodet elendig og unge velutdanna flyktar frå landet.

– Eg vil vere her i Libanon saman med familien min, men eg har nok ikkje noko val. Skal eg få meg ein jobb, så må eg reise ut.

Området Rachelle bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ein gong i veka.

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Ein av hobbyane hennar er å gå på tur i fjellet, og ho er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt kvar dag.

– Eg er opptatt av å halde meg i form, og å gå har hjulpet meg masse. Eg tenkjer klårare og kjenner meg mykje betre etter ein fjelltur, smiler ho.

Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300

meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han.

Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrør. Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon, Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nytte godt av vatnet på grensa til heimlandet.

– Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.

Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

- Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.
- På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar. Dette gir eit enormt press på infrastruktur. Med den økonomiske kollapsen i 2019 og eksplosjonen i Beirut i 2020 er dei humanitære behova framleis store.
- Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønnar og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.
- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minska utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.

Aktivitetar i samband med fasteaksjonen:

Lindås sokn:

Konfirmantane sin innsamlingsaksjon tysdag 19.mars frå kl. 17.00

Knarvik sokn:

I år vert det digital fasteaksjon, ikkje bøsseaksjon. Det kjem meir info på heimesida til Knarvik sokn. På gudstenesta i Knarvik kyrkje 17. mars går takkofferet til Kirkens Nødhjelp.

Radøy sokn:

Kyrkjelyden har dør-til-dør-innsamling tysdag 19. mars.



EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE



Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



SIKRINGEN
- din elektriker

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

Vi utfører:

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk •
- Automatisering •
- Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG



Bygg Team VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

Fredagskaféen på Ostereidet

På Ostereidet har vi Fredagskafé. Faktisk en legende i levende live!

Tekst: Turid Bergsagel Hølleland

Foto: Audun Hølleland

Hver fredag møtes ungdommer for å henge med venner, prate, spille, snope litt og bare være til. Og med rom for refleksjon og ettertanke.

Lang historie

Fredagskaféen ble startet i 1990, omtrent. Forløperen var at konfirmantkullet i 1989 fortsatt ville møtes, og det ballet på seg til å bli Fredagskaféen. Paul Eknes var sivilarbeider i menigheten den gang og fikk oppdraget om å lage en struktur rundt dette. Mange frivillige har vært aktive i 10-20 år. Og disse har lært opp ungdommer til å assistere, delta og lede oppgavene. Nå er det andregenerasjons frivillige som har stafettpinnen. Og andre generasjon som går på fredagskaféen!

På besøk

En fredagskveld i januar i år besøkte vi kirkekjelleren på Ostereidet. Ungdommene er i gang: De spiller brettspill og biljard, snakker og ler. Ingen mobiltelefoner er synlige.

– *Hvorfor kommer dere hit?*

– Det er kjekt å møte andre uten at det er skole eller forpliktelser. Og å prate, eller gjøre noe sammen. Enten å spille biljard eller bordtennis. Eller brettspill. Alle var opptatt av prat eller spill. Og kjekt å møte venner fra andre bygder i Ostereidet kretsen. Og så har vi fantastiske ledere: De bryr seg, prater, spiller og er tilstede for oss. De gir oss et fellesskap.

Andakten

– *Og hva med andakten da, kjedelig eller?*

– Folk gjør som de vil, og det er den personlige interessen der og da som bestemmer. Det er helt greit å være tilstede.



Og det er helt greit å ikke delta. Folk er fri.

Det er forskjellige som holder andakten, de kjekkeste er der vi deltar og blir engasjerte. De har tydelige og givende tema. Som nå de siste gangene om «vennskap», «håp» og «fred».

Etter andakten fortsetter praten og aktivitetene. Latteren sitter løst. Dette er et godt sted å være: Romlighet, nærvær, glede og møteplass.

Ettertanke

Fredagskaféen er en møteplass uten krav. Ingenting skal presteres – det er samvær og et sted å være til. Og bli kjent med andre.

Fotografen og jeg tusler ut og møter en liten gjeng utenfor som står og snakker. Alt er rolig, fredelig og fint. Så godt av vi har møteplasser. Slike steder kan vi behøve alle. Og over oss lyser stjernene.

Kaféen startet rundt 1989. Konfirmantkullet det året ønsket fortsatt å møtes. Dette vokste til å bli Fredagskaféen. Det er de frivillige som har drevet kaféen i alle år.

Dørene åpner klokken 20. Brus og snop, og kanskje litt pizza er satt fram for salg, Spillene er klargjort.

Omtrent klokken 21:30 starter andakten og klokken 23 er dørene stengt.

Antall ungdommer varierer med vær og vind – fra rundt 20 til 80+.

Påskeandakt

Av Torbjørn Sæle. Sokneprest i Masfjorden

Eg er glad i påska, så kanskje kan eg kallast ein påskevenn. Eg likar å oppleva påskedagane i kyrkja, som prest eller annan gudstenestedeltakar. Eg er også glad i ein påsketur til hytta på fjellet, på ski eller å kjenna at det varmar og vårast ved fjorden.

I Bibelen er det nokså få, men veldig kjente ord, om då Jesus vart født. Vidare står det knapt noko om oppveksten og dei rundt tretti første leveåra hans. Men påskeveka, hans siste som menneske på jorda, vert utbrodert side for side i dei fire evangelia. Det er naturleg, for Bibelens påskeforteljing rommar så mykje. Karsten Isachsen oppsummerte det treffande ved å seia: «Påska er heile livet på éi veke.»

Bibelens påskeforteljing er så menneskeleg og livsnær og så full av kontrastar. Det er jubelrop og glede, det er måltidsfellesskap og svik, utlevering og lidning. Nederlag og fortvilning, mørke og død, sorg og tårer.

Før det heile snur, og det utrullege skjer! Ved morgongry på påskedag, ein ny dag med nytt liv. Grava er tom, og Jesus står opp igjen! Lyset vinn over mørket. Livet sigrar over døden.

Det vert sagt at jula varer heilt til påske. Sjølv om mange julelys kan skina langt inn i eit nytt år, så stemmer det vel ikkje heilt. Men for Jesus gjekk vegen frå julekrybba til påskekorset, til grava og tilbake til livet! Høgtidene heng saman.

I ein del år har eg gått inn i påskeforteljinga frå disippelen Peters sitt perspektiv, gjennom tekst og tonar i påskkonserten «Peters påske». Fiskaren Peter er den første som tek sjansen på å slå følgje med Jesus og bli betre kjent med han. Peter kastar seg utpå, får ei bratt læringskurve, opplever mange undergjerningar og seier til Jesus: «Du er Messias» (Markus 8,29). Seinare, i ein pressa situasjon, nekter Peter tre gongar for at han i det heile tatt kjenner Jesus. Og neste dag dør Jesus.


Ein disippel som Peter var eit vanleg menneske – som oss. Eit menneske som også bommar, tenker og gjer feil. Kanskje kan det gjera bibelforteljinga endå meir interessant? I møte med Jesus er det nye sjansar. For Peter og for deg og meg. Det er plass til oss i flokken rundt Jesus.

Den Jesus som kjem tilbake frå døden, har framleis omsorg for Peter. Gjennom eit nådig blick og ein viktig samtale i Joh 21,15-21 kan det som gjekk galt, setjast i stand igjen. Peter som hadde nekta tre gongar på at han kjende Jesus, får no tre gongar seia til Jesus at

han har han kjær. Så gjev Jesus utfordringa på nytt og seier det same som første gong han møtte Peter: «Følg meg!». Eit nytt kapittel startar.

Påskebodskapen er full av liv og håp om at noko nytt og godt kan få spira fram. Også for oss og gjennom oss.

Takk, Jesus! Deg være ære, du som er Herre over dødens makt!



Carl Heinrich Bloch (dansk kunstnar) 1834-1890:
Peter fornekter Jesus

RISNES
ELEKTRO AS

Elinstallatør • tlf. 56349620

AMFI
KNARVIK

KULTUR- KALENDER

12. mars

Sæbø kyrkje kl 19:00

Tysdagstreff. Stine Karin og Torbjørn Sæle. Tema: Trusspråk. Kveldsmat

16. mars

Knarvik kyrkje kl. 19.30

»Gåten om korset» - en påske-konsertforestilling med Garness, band og koret Redeemed. Konsertserien er et samarbeidsprosjekt mellom duoen Garness, forfatter Jostein Ørum og Stefanusalliansen. Billettsalg på ticketco.no og i døra.

16. mars

Manger kyrkje kl 16:00

Familiekonsert med Manger barnekor og Bjarte Leithaug. Gratis inngang, kollekt ved utgang

23. mars

Lindås kyrkje kl. 18.00.

Påskekonserten «PETERS PÅSKE». Tekst: Torbjørn Sæle. Musikk: Ove I. B. Danielsen, Vibeke Bjørndal Midttun og Stine Karin Sæle. Billetter ved inngongen. Arr. Lindås sokn i samarbeid med «Peters påske».

9. april

Sæbø kyrkje kl 19:00

Tysdagstreff. May Bente Stuart Matre, tema: Gudstru og skam. Kveldsmat

21. april

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Konsert med Alversund kammerkor og Sola Fide.

16.juni

Manger kyrkje kl 17:00

Radøy damekor sin sommarkonsert. Rytmegruppa «Trommeklang» og dirigent Ann Christin Hoen.

22.juni

Manger kyrkje kl 19:00

Sommarnatt ved orgelet
John William Kay
Organist William Kay innbyr til orgelkonsert i Nordhordlandskatedralen.

FLOTTE BILDEBØKER MED
MENINGSFYLT INNHOLD




Idar Simonsen

Det vi har sett og hørt

Boken speiler livet til apostelen Johannes og opplevelser fra hans samtid. Med inspirasjon, både fra Bibelen og fra reiser til Israel og Patmos, er fortellingen tatt form. Begivenheter fra livet til Johannes, sammen med Mesteren, er flettet sammen med bibeltekstene til en helhet.

Kr 279,- Nå kr 149,-

Innbundet • farger



Idar Simonsen

Glimt av himmel

Korte betraktninger og bibeltekster til oppbyggelse for leseren. Idar har gjennom sin jobb møtt mange mennesker i siste fase av livet. Her deler han hvordan disse stundene var. Dette er en bok som gir håp om en lys fremtid.

Kr 279,- Nå kr 149,-

Innbundet • farger


Idar Simonsen

Faste steg

En vandring gjennom fastetiden og påskeuken, sammen med Jesus og disiplene, på vei fra Galilea til Jerusalem, og en vandring med israelsfolket fra utferden fra Egypt mot det lovede land.

Kr 249,- Nå kr 149,-

Innbundet • farger



www.venturaforlag.no

Gratis porto for kjøp over kr. 300,-



Ventura

Bøkene får du kjøpt i din lokale bokhandel eller på www.venturaforlag.no

Neste nummer kjem frå trykkeriet 5. juni 2024.
Frist for å melde frå om arrangement til kulturkalenderen er 30. april.

VIL DU BLI MED PÅ SPRÅKCAFÉ?

På Radøytunet er det mange flyktingar som gjerne vil læra norsk. Diakonutvalet har fått i gang språkkafé. Ta kontakt med diakon Gudveig Kartveit Sundsbø, tlf. 938 40 587.



De hellige tre dagene!

Tekst: Cathrine Grutle

Fastetiden varer i 40 dager hvis vi ikke regner med søndagene. Den starter på askeonsdag og varer til dagene før påskedag. Det vil si skjærtorsdag, langfredag og påskenatt.

Mange steder har disse dagene egne gudstjenester slik at særpreget ved de enkelte dagene skal komme bedre til syne.

På skjærtorsdag både feirer og minnes vi at nattverden ble innstiftet. Vi feirer gjerne gudstjeneste på kvelden, kanskje i forlengelsen av et måltid. I gudstjenesten kan vi hente frem historien om Jesus som vasker disiplenes føtter i tillegg til bakgrunnen for nattverdfeiringen vår.

Gudstjenesten avsluttes med avdekking av alteret. Lyset i kirken dempes mens blomster, Bibel, nattverdsutstyr, kirketekstiler og alterlys bæres ut. Alteret dekkes med et sort klede.

Kirkerommet kan være åpent for stillhet, bønn og mulighet til å tenne lys i lysgloben.

Gudstjenesten på langfredag er enkel og har to hoveddeler. Lesning av lidelseshistorien og menighetens forbønn. I år skal lidelseshistorien fra Markus-evangeliet fortelles ved hjelp av enkel dramatisering. Evangelisten (E) leser alle fortellende avsnitt i teksten, Kristus (K) leser Jesu replikker og «forsamlingen» (F) leser replikkene fra alle de andre som opptrer i teksten.

Fra oldkirken av har en viktig side ved langfredagsgudstjenesten vært forbønn for verden og alle som er i nød. I vår tradisjon har denne bønnen fått form av litaniet, på samme måte som i fastetiden. Gudstjenesten blir avsluttet uten velsignelse.

Dersom en feirer påskenattsgudstjeneste så starter den i en mørklagt kirke. Påskelyset blir båret inn og en tenner de øvrige lysene inne i kirken. Det sorte kledet fjernes fra alteret og vi legger tilbake den hvite duken og alt som hører hjemme på alteret.

Fra gammelt av var dette den store dåpsdagen. Mange steder er det vanlig å ha dåp av voksne, særlig konfirmanter. Hvis det ikke er dåp, blir menigheten minnet om sammenhengen mellom dåp og påskenatt ved dåpspåminnelse og innledning til trosbekjennelse. En viktig del av gudstjenesten er lesningen av tekster som forteller frelseshistorien og nattverdfeiring.

Gudstjenesten vil vanligvis avslutte med at menigheten går syngende sammen ut i prosesjon.

De av oss som ikke har mulighet til å være med på påskenattsgudstjeneste kan feire at graven er tom på 1. påskedags høytidsgudstjeneste. Sammen kan vi hilse hverandre med de gamle ordene: Kristus er oppstanden! Ja, han er sannelig oppstanden!

Slekters gang

Knarvik

Døypte

22.10.23 Nikolina Labustro Dzelzs
22.10.23 Bastian Gaustad Skåtun
12.11.23 Leander Bergås Brudevoll
19.11.23 Henriette Dale Løland
19.11.23 Johannes Yrke
19.11.23 Hermine Hansen Sæterstøl
19.11.23 Maia Moberg Horne
26.11.23 Oliver Flatøy Jacobsen
26.11.23 Elvira Louise Røiland
03.12.23 Olivia Nesse Lyngøy
07.01.24 Mio Iversen Ludvigsen
07.01.24 Milian Solheim Vaksdal
21.01.24 Linnea Risch Veland
21.01.24 Thea Skoland Woldseth
28.01.24 Tuva Ljones Øvsthus

Døde

16.10.23 Solbjørg Elfrida Gruehagen f. 1944
10.11.23 Ola Melhus f. 1929
12.11.23 Tor Helge Kallestad f. 1972
16.11.23 Tore Thorstensen f. 1943
12.12.23 Knut Grønning Johannessen f. 1948
12.12.23 Ingvard Hageberg f. 1942
24.12.23 Eva Midtgård f. 1972

Alversund

Døypte

29.10.23 Mira Nordbø Kvalheim
29.10.23 Emma Toft Hauge

Døde

15.10.23 Jan Isdal f. 1940
03.11.23 Anna Margrethe Olsen f. 1924
10.11.23 Sigmund Ove Kallhovde f. 1937
21.11.23 Olav Hjellum f. 1944
06.01.24 Inger Sylvi Rogne f. 1940

Seim

Døde

15.10.23 Liv Nystrand f. 1937
30.10.23 Annlaug Helene Kålås f. 1947
09.12.23 Kari Herland f. 1934
01.01.24 Rune Spurkeland f. 1953

Lygra

Døde

27.11.23 Alf Haktor Mehl f. 1952
04.12.23 Else Titland f. 1946
12.01.24 Knut Henrik Friis-Frantzen f. 1946



Spennande leiartrening etter konfirmasjonstida

Tekst: Arthur Kleiveland

Fleire kyrkjelydar har gått saman om å gje ungdomar eit tilbod etter konfirmasjonstida. I fjor haust gjekk sokna Knarvik, Meland, Lindås og Osterfjorden saman for å laga til leiartrening for ungdom.

– I dette opplegget får deltakarane undervisning om haldningar og handlingar, og kva det inneber å vera leiari. Ungdomane får reflektera rundt viktige spørsmål som er med og pregar oss menneske, seier spesialprest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn.

Ein av deltakarane, Isabella Mo, syns det er spennande å vera med på leiartrening.

– Det er fint å ha noko som ein kan føle at ein har kontroll over sjølv, som vaksne blandar seg minst mogleg inn i. Dei tinga me lærer er også til nytte for framtida, seier Isabella.

Her får dei læra og erfara leiartrening basert på kristne verdiar, med Jesus som førebilde. I løpet av året har ungdomane vore med som leiariar på LysVaken i kyrkjene, dei skal vera med på ein konfirmantleir, og dei jobbar no i vår med å planlegga og arrangera sin eigen leiartreningstur til England i juni. Dei må òg sørja for å samla inn pengar til turen, og dei må planlegga innhald og reiserute, og alt som høyrer med.

I løpet av våren vil dei vera med på gudstenester og dei vil arrangera enkelt loddsal på kyrkjekaffi. Etter gudstenesta i Knarvik 7. april vil dei òg ha eit større arrangement med årsal og kafé.

– Her håpar me at kyrkjelyden og andre tar turen for å støtta desse flotte ungdomane som brukar fritida si på å ta leiartrening i kyrkja, seier Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn.

Isabella synest det beste med leiartreninga er turen til utlandet.

– Det er gøy å planlegga sin eigen tur, og ha moglegheit til å oppleva noko så spennande med andre folk på vår alder, seier ho.

Seimstrand as

5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15



Nordhordland Elektro

Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

elektrikerkjeden

norgeseliten

200 ingeniører - 4000 tekniskere

DEKKHUSET AS

Tankestrek

Av Håkon Glatved-Prahl

– Hei, er det her du jobbar?

– Nei, eg er frivillig her.

Eg hadde ikkje sett han på mange år. No sto han rett innfor døra og tok imot meg i ei av sentrumskyrkjene i Bergen føre ei gudsteneste. Vi fekk ein god prat.

Eg tenkjer stundom på denne karen, som jobbar frivillig i tillegg til å gå i full jobb. Slik mange andre også gjer.

Det heiter at «Utan frivilligheita stoppar Norge». Det er ingen floskel.

Ein sveip innom offisiell statistikk viser nemleg at den frivillige arbeidsinnsatsen i dei frivillige organisasjonane i Norge tilsvarar 150.000 årsverk. Og denne verdiskapinga utgjer ikkje mindre enn 80 milliardar kroner! Kwart år!

I dag blir det rapportert om 100.000 frivillige i Den norske kyrkje (obs ikkje årsverk). Det betyr at kyrkja er ein av dei største aktørane innan frivilligheit i samfunnet.

Sjølv blei eg klar over det store, frivillige engasjementet i kyrkja først då eg vart tilsett som kyrkjetenar i Alver for snart tre år sidan. Eg er imponert over kor mange som vel å bruke mykje av si eiga fritid på aktivitetar som andre har glede av.

I kyrkja har vi frivillige på gudstenester, på søndagsskule, kvardagsmiddagar, barnekor og mange andre aktivitetar. Og tenk på all frivillig innsats innan idrett og kultur, og anna lagsarbeid. Hadde all frivilligheit stansa berre éin dag, ville mykje gått i stå.

Sokneprest Inger Mangrud Bore i Nøtterøy menighet har i ein artikkel om frivilligheit trekt fram den vesle guten som kom fram med – og tilbaud – fem byggbrød og to små fiskar då Jesus metta 5000 menneske (Johs.kap.6). Ho skriv: «Denne gutten er en frivillig. Helt frivillig gir han fra seg det han har».

Frivilligheita har ingen grenser.



Cathrine Grutle
Sokneprest
cg836@kirken.no



Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn
Spesialprest
td663@kyrkja.no



Odd Leif Mjøs
Kantor
om623@kyrkja.no



Nina Jenny Tresvik Monstad
Kateket
nm853@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontakten:

Knarvik kyrkjekontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

Opningstid:

Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

Tlf.: 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø

post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

Facebooksider:

Knarvik kyrkje

Seim kyrkje

Lygra kyrkje

Kontonummer: 3633 67 39882

Vipps: 517310

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjeverje: John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

Leiar i fellesrådet: Sølvi Knudsen

Soknerådsleiar:

Hildur Løkken Lillestøl

Kyrkjekontakten

Utgevar: Knarvik sokn, i

samarbeid med Meland sokn,

Osterfjorden sokn, Mo sokn,

Radøy sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Øystein Skauge

Lokal redaksjon: Arthur

Kleiveland, Håkon Glatved-Prahl,

Synnøve Bjørndal

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsidedilete: Foto: Kirkens

Nødhjelp.



Helge Taranrød
Prost
ht759@kirken.no



John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje
jw734@kyrkja.no



Magne Bjørndal
Seniorprest
mb578@kyrkja.no



Synnøve Bjørndal
Dagleg leiar
sb876@kyrkja.no



Eirun Bjotveit Fonneland
Kyrkjelydspedagog
ef882@kyrkja.no



Bjørn Furukawa
Kyrkjetenar
bf982@kyrkja.no



GUDSTENESTE- KALENDER

Knarvik

10. mars

4. s. i fastetida
Kl. 11 v/ Helge Taranrød.
Nattverd.

17. mars

Maria bodskapsdag
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.
Nattverd. Søndagsskule.

24. mars

Palmesundag
Kl. 11 Familiegudsteneste
v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Dåp. Nattverd.

31. mars

Påskedag
Kl. 11 Høgtidsgudsteneste
v/ Cathrine Grutle. Dåp.
Nattverd.

7. april

2. søndag i påsketida
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Dåp. Nattverd.
Søndagsskule.

14. april

3. søndag i påsketida
Kl. 11 v/ Helge Taranrød.
Nattverd.

21. april

4. søndag i påsketida
Kl. 11 Familiegudsteneste v/
Cathrine Grutle. Dåp.

28. april

5. søndag i påsketida
Gudsteneste på Alværa
kl. 11 i samband med
kyrkjeldstur.

5. mai

6. søndag i påsketida
Kl. 10:30 og 12:30
Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn og Eirun Bjotveit
Fonneland.

12. mai

Sundag før pinse
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.
Nattverd.

17. mai

Kl. 10:15 v/ Magne Bjørndal.

19. mai

Pinsedag
Kl. 11 Høgtidsgudsteneste
v/ Cathrine Grutle. Dåp.
Nattverd.

26. mai

Treeiningssundag
Kl. 19 Kveldsgudsteneste v/
Cathrine Grutle. Nattverd.

2. juni

2. søndag i treeiningstida
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.
Nattverd.

16. juni

4. søndag i treeiningstida
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.
Nattverd.

Seim

29. mars

Langfredag
Kl. 11
Langfredagsgudsteneste v/
Cathrine Grutle.

14. april

3. søndag i påsketida
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.

12. mai

Sundag før pinse
Kl. 10 og 11:45
Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn og Eirun Bjotveit
Fonneland.

17. mai

Kl. 11:30 v/ Magne Bjørndal.

9. juni

3. søndag i treeiningstida
Kl. 11 Friluftsgudsteneste på
Håkonshaugen v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.

Lygra

12. mai

Sundag før pinse
Kl. 13:30
Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn og Eirun Bjotveit
Fonneland.
Dåp.

17. mai

Kl. 12 v/ Cathrine Grutle.

Alversund

28. mars

Skjærtorsdag
Kl. 19 Kveldsgudsteneste v/
Cathrine Grutle. Nattverd.

28. april

5. søndag i påsketida
Kl. 11 Dåp.

17. mai

Kl. 10:30 v/ Cathrine Grutle.

25. mai

Laurdag
Kl. 10:00, 11:45 og 13:30
Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn og Eirun Bjotveit
Fonneland.

26. mai

Treeiningssundag
Kl. 10:00 og 11:45
Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn og Eirun Bjotveit
Fonneland.

27. mai

Måndag
Kl. 18 Gudsteneste
i samband med
Alversunddagane. Ola
Johannes Jordal og Rune
Alver.

KVARDAGS- GUDSTENESTER i Alversund kyrkjelydshus:

Måndagar kl. 14.
Kyrkjekaffi.
Tur - «Kyrkjegang»
kl. 12:30.

- 11. mars v/ Helge Taranrød.
- 8. april v/ Helge Hitland.
- 13. mai v/ Idar Simonsen.